LOVLEG: – Eg føler at eg har masse makt når eg køyrer denne, seier Anton Sæten. Traktoren han sit i no er vel sju tonn. Han har lov til å køyra traktorar på inntil 25 tonn med førarkort på traktor.

ULOVLEG: – Her føler eg at det er eg sjølv som er mest utsett, seier Anton Sæten. Mopedbilen har plastkarosseri og veg 350 kilo. Han er dermed 200 kilo for tung for Anton .

Stor nok til å køyra denne – **for liten** til å køyra denne

Anton Sæten (17) har lov til å køyra traktorar på inntil 25 tonn. Men ein mopedbil på over 150 kilo er forbode.

Anton Sæten gjorde grundige undersøkingar for å forsikra seg om at han hadde lov til å køyra mopedbil før han og veslebroren investerte 40.000 kroner i ein brukt Aixam mopedbil. Han kontakta både politi og vegvesen, og fekk klarsignal frå begge hald. Han fann det òg skriftleg, på Statens vegvesen sine nettsider. Med førarkort på lett motorsykkel kunne ein 16-åring køyra mopedbil. Her var det berre å køyra på.

– I ein god månad køyrde eg mopedbil med godt samvit, fortel Anton, som selde den lette motorsykkelen sin.

Han tiltrekte seg mykje merksemd då han køyrde rundt i det nye køyretøyet sitt, som liknar på ein bil, hostar som ein gamal traktor og køyrer i maks 45 kilometer i timen. Mange syntest mopedbilen var kul.

– Eg var stolt over han, seier Anton.

Så kom kontrameldinga: Nokon tipsa Anton om at teksten på nettsidene til Vegvesenet var endra. «I perioden 11. august til 5. desember 2013 lå det dessverre feil informasjon på denne nettsiden om alderskravet for mopedbil,» står det å lesa no. Og vidare, med feit skrift: «Alderskravet er, og har alltid vært, 18 år for disse kjøretøyene.»

– EIN BEKLAGELEG FEIL. – Dette var ein beklageleg feil. For ein gongs skuld hadde me rask sakshandsaming, og ei feiltolking av endra forskrifter vart lagt ut på nettet før feilen vart oppdaga, seier seniorrådgjevar Lars Inge Haslie i Statens vegvesen sin seksjon for trafikkopplæring. No skal det ikkje vera tvil om at Vegvesenet har tolka forskrifta rett, og at ein altså som før må vera 18 år for å køyra mopedbil over 150 kilo, noko som i praksis vil seia alle mopedbilar.

Då Geir Pollestad (Sp) var statssekretær i Samferdsledepartementet, ba han Statens vegvesen om å vurdera ei løysing der ungdommar med førarkort på traktor òg kan køyra mopedbil.

– Dette var fordi me meinte det var urimeleg at 16-åringar kunne køyra store traktorar, men ikkje små mopedbilar, seier Pollestad, som no er stortingsrepresentant.

Lars Inge Haslie i Vegvesenet jobbar med eit svar til departementet.

– Eg meiner at det er unaturleg å gjera umiddelbare endringar i reglane for mopedbil. I staden vil me gjera ei vurdering av mopedbilen i samband med ein rapport om heile føraropplæringa. Denne rapporten skal vera klar ved utgangen av 2014. Den vil leggja føringar for det vidare arbeidet med opplæringa og førarprøven, seier han.

Han legg til at 18-årsgrensa for mopedbilar skuldast omsynet til trafikktryggleik.

FOR EIN LETTARE KVARDAG. Anton Sæten og broren driv med skiskyting. Dei har ofte med seg mykje utstyr, fyrst på skulen og så vidare på trening. Det var ei stor lette då dei kunne køyra mopedbil i staden for å ta alt med seg på bussen, eller i ryggsekken på motorsykkelen for Anton sin del.

Det gjorde òg kvardagen lettare for foreldra, som har fire born som titt og ofte må køyrast til ulike aktivitetar.

Likevel sa foreldra til Anton nei då han byrja å snakka om mopedbil. Dei var skeptiske til tryggleiken i det vesle plastkarosseriet. At Anton skulle vera i stand til å føra bilen, tvila dei ikkje på.

– Han er flink til å køyra, seier far Kolbjørn Sæten. Sonen har jo trass alt førarkort på både lett motorsykkel og traktor. Han har jobba på gard, og har lov til å køyra ein traktor på inntil 25 tonn. Og med lett motorsykkel kan han halda fartsgrensa på motorvegen.

Etter kvart gav foreldra etter. Anton fekk lov til å kjøpa seg mopedbil, med visse reglar om kvar han hadde lov til å køyra. Han skulle berre køyra på stader der han kunne halda om lag samme fart som trafikken elles. Mopedbilen går ikkje fortare enn 45 kilometer i timen.

VANSKELEG Å SELJA. Kolbjørn Sæten tvilar på at Anton hadde blitt straffa om han hadde halde fram med å køyra mopedbilen. Men Anton tek ikkje sjansen. Han vil ikkje risikera å få utsetjing på førarkortet på bil. Draumen er ein bil med firehjulstrekk som lett tek seg opp bakkane til treningsområda.

No har han lagt ut mopedbilen for sal på Finn.no. Men responsen lét venta på seg.

– Det er ikkje så mange som er interesserte i mopedbilar lenger no når det ikkje er lovleg for dei som er under 18. Kven over 18 har lyst på ein mopedbil? undrar Anton.

Han veit om fleire på sin eigen alder som har skaffa seg mopedbil. Nokon har òg brukt pengar på førarkort på lett motorsykkel for å få høve til å køyra mopedbil. No ligg fleire av mopedbilane ute til sals.

– Korleis skal ungdommane få dekka inn tapet dei har på desse? undrar Kolbjørn Sæten. – Dersom nokon kan påvisa at dei berre på grunnlag av denne meldinga som berre låg ute nokre månader har lide eit tap, må dei vende seg til Statens vegvesen, svarar Lars-Inge Haslie i Statens vegvesen.

– FORVIRRANDE REGLAR. Alternativ Bil AS er importør av mopedbilar til Noreg. Dei har ikkje registrert auka import av mopedbilar dei siste månadene, og trur difor ikkje at det vil vera spesielt vanskeleg å få selt bilane brukt. Dagleg leiar Geir Johansen fortel likevel at forhandlarane gav tilbakemelding om interesse for bilane, spesielt dei sportslege GTI-bilane, mellom 16- og 17-åringar i haust.

Tidlegare har dei typiske kjøpargruppene vore eldre i grisgrendte strok med dårleg busstilbod, Nav-brukarar med trygdebil, og ein del yngre som har hatt det som ein nummer to-bil på grunn av låge kostnader.

Johansen fekk skriftleg stadfesta frå vegvesenet i haust at 16-åringar med førarkort på lett motorsykkel kan køyra mopedbil. Han reagerer sterkt på at vegvesenet gav feil informasjon. Han fortel ei historie om forvirrande reglar for kven som kan føra mopedbilane heilt sidan dei fyrste gongen fekk førarkortkrav på byrjinga av 2000-talet.

Saman med andre importørar har han no sendt brev til departementet med ynskje om klarare føresetnader for næringa. Dei ber departementet sjå på andre land i Europa sine erfaringar med aldersgrense på mopedbil.

– Me er det einaste landet i Europa som har 18-årsgrense på mopedbil. Dei andre har aldersgrense på 14, 15 eller 16 år, seier Johansen, som meiner at det kan vera ei god køyreopplæring for vanleg bil å køyra mopedbil.

FRAMKOMSTMIDDEL. Svein Rognerud i Ambra Norge er leiar for Firehjul Mopedenes Importør Forening. Han meiner det er paradoksalt at ein grunngjev 18-årsgrensa på mopedbilar med trafikktryggleik når 16-åringar kan køyra både traktor og lett motorsykkel.

– Eg mista sjølv ein nevø i ei traktorulukke i 2008. Han skulle på butikken og kjøpa godteri. Hadde han hatt lov, ville han ha køyrd mopedbil, seier han. Han trur at mange ungdommar på Voss og i andre bygder vel å nytta traktor som framkomstmiddel om vinteren.

At mopedbilen er farleg fordi han er vanskeleg å køyra forbi, synest han ikkje er noko godt argument. – Dei som lærer å køyra tohjuls moped, lærer at dei skal køyra nær midtstripa fordi ingen skal køyra forbi dei når det kjem bilar imot. Difor skal det ikkje vera vanskelegare å køyra forbi ein firehjuls moped enn ein tohjuls, påpeikar han.

No meiner han det er på høg tid at reglane for mopedbilar vert klarare.

– Eg fekk litt hetta då det vart kjent at den nye regjeringa ville godkjenna segway som køyretøy i Noreg. Dei burde heller byrja med å rydda opp i reglane kring mopedbilen som alt finst på norske vegar.

LAILA BORGE | tekst
INGERID JORDAL | foto
lb@avisa-hordaland.no

FAKTA | MOPEDBIL

- Ein mopedbil er eit motorkøyretøy på tre eller fire hjul.
- I Noreg er maksimal tilleten fart på ein mopedbil 45 km/t.
- Fire norske importørar starta import av mopedbilar i 1999.
- Det har vore 18-årsgrense for føring av mopedbil sidan 2003.
- 19. januar 2013 vart EU sitt førarkortdirektiv innført i Noreg. Då endra mellom anna førarkortklassen for moped namn til AM.
- Førarkort klasse AM147 gjeld føring av tre- eller firehjuls moped. Mopedbil kjem inn under denne klassen.
- Førarkort for lett motorsykkel, klasse A1, gjev òg førarrett for mopedbil. Ein må vera fylt 18 år for å køyra mopedbil anten ein har førarkort klasse AM147 eller A1.